




2 TERTIAL 2016



Innholdsliste

ØKONOMISK OVERSYN	3
DRIFTA	3
SKATT OG FINANS	7
INVESTERING.....	10
ANNA TILBAKEMELDING	11
SJUKEFRÅVÆR.....	11
TILSYN	11
AVVIK.....	12
TVERRFAGLEG-/SEKTORIELT SAMARBEID.....	12
ANDRE INNSPEL I FRÅ EININGANE	12
INNLEIING TIL HANDLINGSPROGRAM 2016 – 2019.....	15
FOLKETAL OG ARBEID.....	16
SAMFUNNSUTVIKLING OG SAMFUNNSTRYGGLIK.....	17
AREAL OG AREALUTVIKLING	17
NÆRING	19
KOMMUNAL INFRASTRUKTUR.....	20
KLIMA- , ENERGI- OG MILJØ	22
REGIONALUTVIKLING	23
SAMFERDSLE.....	24
SAMFUNNSTRYGGLIK	25
KUNNSKAPSSAMFUNNET	26
Å BU OG TRIVAST	28
FOLKEHELSE.....	28
HELSE OG OMSORG	29
KULTUR	30
INKLUDERING	31
KOMMUNEN SOM ORGANISASJON OG ARBEIDSGJEVAR	32

Økonomisk oversyn

Drifta

Einingar	Oppr.budsj.	Reg.budsj.	Rekneskap	Avvik*
Form.sk/K-styre	3.523	3.523	2.577	946
Levekår	292	296	171	125
LMT	362	364	136	228
Rådmannen	44.791	40.737	32.799	7.938
Herav avs. lønsauke		(2.637)		
OPPVEKST	(67.427)	(68.782)	(66.908)	(1.874)
Overordna oppvekst	6.777	6.367	4.053	2.314
PPT	2.102	2.218	1.956	262
Stølane barnehage	2.597	2.859	2.807	52
Kjølvikstølen barnehage	1.028	1.144	1.089	55
Vinjar barnehage	4.628	4.656	4.414	242
Sand barnehage	6.456	6.648	6.603	45
Erfjord skule	3.516	3.565	3.456	109
Marvik skule	2.309	2.334	2.192	142
Sand skule	16.936	17.279	18.251	-972
Vinjar skule	6.042	6.105	5.961	144
Jelsa oppvekstsenter	3.354	3.279	3.043	236
Nesflaten oppvekstsenter	3.207	3.511	3.749	-238
Vanvik oppvekstsenter	2.293	2.376	2.248	128
Gullingen leirskule	528	771	578	193
Barnevern	5.654	5.670	6.508	-838
HELSE OG OMSORG	(79.440)	(88.294)	(90.401)	(-2.107)
Overord helse og oms.	4.304	4.178	3.260	918
NAV	3.949	3.827	4.393	-566
Sjueheimen	25.051	24.826	25.892	-1.066
Helse	9.872	11.574	12.269	-695
Sand bu- og omsorgssenter	11.325	11.335	11.168	167
Jelsa bu- og omsorgssenter	5.493	5.581	5.627	-46
Vinjar bu- og omsorgssenter	9.105	9.345	9.367	-22
Suldal bu- og aktivitetstilbod	10.341	17.628	18.425	-797
BY, KB, KULTUR OG INTROSENTERET	(37.416)	(41.530)	(36.693)	(4.837)
Introsenteret i Suldal	-808	-1.055	-742	-313
Bygdeutvikling	5.440	5.456	5.094	362
Kultur	9.456	9.486	9.240	246
Kommunale bygg	23.328	27.643	23.101	4.542
SAMLA SUM	233.251	243.526	229.685	13.841

*Avvik = avvik mellom reg.bud og rekneskap

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

Kommentar

Samandrag økonomi

Hovudtrekket er at dei fleste einingane rapporterer at dei etter all sannsynlegheit vil gå i balanse ved årsslutt. Sand skule, NAV, barnevern og Nesflaten oppvekstsenter er dei einingane som vil streva med å klara dette.

Helseeininga og sjukeheimen har også stort underskot no, men meiner at dei har uteståande slik at dei vil oppnå balanse ved årsslutt.

Det blir foreslått å tilføra budsjettmidlar til Sand skule, NAV og barnevern for utgifter som ligg utanfor deira kontroll.

Einingane som har vanskar med å nå balanse må iverksetja tiltak knytta til innkjøp og stillingsvakanse for å få balanse eller minst mogleg underskot.

På inntektssida ser det litt betre ut enn budsjett. Det blir foreslått å setja dette av på disposisjonsfond.

Felles

G-reguleringskravet frå KLP vert i år lågare enn kva som vert lagt til grunn då ein laga budsjettet for 2016. Reduksjonen kjem bl.a. av moderat lønsvest og betre avkasting på midlane i KLP. Dette gjer at me slik det ser ut nå får reduserte pensjonskostnader i år med 4,4 mill. kr inkludert arbeidsgivaravgift.

Politikk

Det meste av budsjettavviket skuldast:

- Mindre utbetalt til revisjonen
- Midlar att på reservepostane
- Tapt arbeidsforteneste, tenestefrikjøp og godtgjersler.
- Ikkje utbetalt partistøtte

Ein vil i løpet av hausten ha ein gjennomgang av tapt arbeidsforteneste, tenestefrikjøp og godtgjersle for å tilpassa desse dei refusjonskrava ein nå får etter kommunevalet.

Rådmannen

Det meste av budsjettavviket hjå rådmannen skuldast

- For felles IT har ein pr. august ikkje motteke fordeling av kostnader frå vertskommunen. I tillegg har ein ikkje motteke faktura for nokre serviceavtalar 2. halvår.
- Det er att budsjetterte midlar til AFP-ordninga, då ein berre har motteke rekning for t.o.m. 2 kvartal.
- Budsjettert lønsreserve vedrørende lokale forhandlingar kjem til utbetaling seinare i haust.
- Det er budsjetterte midlar att hjå rådmannen som skal fordelast ut til einingane. Dette gjeld eks. lærlingar, seniorpolitikk og opplæringsmidlar.
- Tilskot til Ryfylkemuseet er utbetalt i september.

NAV

Rekneskapa syner et underskot på kr 565 000,-. Det er feilført om lag 160 000,- hjå NAV som gjeld Introenteret. Utgifter til husbanktilskot på kr. 285 000,- er ikkje inntektsført frå fondet. Når desse er korrigert vil underskotet verta redusert til kr. 122 000,-.

Dette underskotet skuldast at det har vore ei auke i sosialhjelpsutbetalingar til unge og nye brukarar som mellom anna har fått hjelp til å etablere seg.

I 1. tertial melde ein frå om at ein ikkje nytta kjøp av rusplasser. Dette er nå endra og ein nyttar fleire rusplasser, og med reduksjonen i budsjettet (1. tertial) vil ein ikkje koma i mål med den

budsjettramma ein har. Budsjettmidlane til rusopphald kr. 177 000,-, redusert i 1. tertial, vert føreslått auka oppatt.

Overordna oppvekst

Overordna oppvekst syner eit positivt resultat. Mykje skuldast refusjon frå Stat og fylke i samband med vidareutdanning som skal utbetalast gradvis utover året og også våren 2017. Elles er det også store skyssutgifter som ikkje har motteke faktura på i samt noko på straum. I tillegg er det også ein del utgifter til felles kurs for skular og barnehage som kjem i haust.

Alt i alt går det nok mot eit positivt resultat.

Nesflaten oppvekstsenter

2 tertial syner eit negativt resultat på om lag 230.000 kr. Dette er, som det blei rapportert i 1. tertial, fordi det blei brukt meir lærarressurs enn først tildelt grunna overflytting av elev frå Vinjar. Dette er lagt inn frå 1. august i ressurstildelinga for det nye skuleåret.

God økonomistyring og fornuftig bruk av vikarar er viktig fram mot nyttår for å hindre overforbruk.

Sand skule

Våren 2016 var det fleire avvik grunna tøffe klassesituasjonar. Det blei då brukt ein del ekstra ressursar. Frå august vart det halde igjen litt ressursar. Likevel kan ein ikkje rekna med å koma i balanse til nyttår, men noko betring vil ein kunne forvente.

Andre faktorar som spelar inn er:

- Funksjonstillegga er ikkje utbetalt
- Fem dagars veke frå 01.08.2016
- Det er fleire sjukemeldingar under 16 dagar, dette fører til at vikarbudsjettet er høgt.

Barnevern

Barneverntenesta har overforbruk så langt i år. Hovudgrunnen til dette er at me får mindre refusjon frå BUF-etat enn budsjettet (utgiftsmessig høgare satsar enn kva ein får refundert). Mindre refusjon frå BUF-etat i forhold til budsjett vil utgjera 1 mill. kr. og vil også gjelda for kommande budsjettår.

Sjukeheimen

Forventa meirinntekt og overføring frå andre om lag kr. 500 000,-.

Etterberekningar for vederlagsbetalinga i 2015 pågår i desse dagar. Her er ikkje tala klare, men det pleier å bli ein pluss for rekneskapen vår.

Hovuddelen av ferievikarinleige er betalt ut for året. I tillegg kjem det ikkje fleire utgifter i år når det gjeld høgtidstillegg.

Desse postane vil utgjere om lag 170.000,- mindre i lønsutbetalingar kvar av dei siste tre månadene, i forhold til snittet pr md til nå i år.

Målet er å koma i balanse ved årsslutt. Me er strenge med både innleige og innkjøp på sjukeheimen for tida.

Helse

Det er nytta om lag kr. 700 000,- meir enn budsjettet. Dette kjem av manglande brukarbetaling/sal av materiell og forseinking i refusjonar. Brukarbetaling/sal av materiell reknar ein med å ta inn att innan årsslutt.

I tillegg er det nytta meir kjøp av vikartenester enn kva ein har av ledige lønsmidler og sjukelønsrefusjonar.

Helse har som mål å koma i balanse ved årsslutt.

Suldal bu- og aktivitet

Underskotet på om lag kr. 800 000,- skuldast i hovudsak manglande refusjon frå staten ift. ressurskrevjande brukarar for oppgjersåret 2015. Dette er utføresette mindre inntekter som rådmannen føreslår å refundera delvis. Kva som vert refusjonen for 2016 veit ein først ved årsslutt.

Teknisk Drift

Eininga har eit samla positivt resultat. Dette skuldast i all hovudsak at asfaltsesongen for vår del ikkje er kommen skikkelig i gong, den startar no i september. Det er att 3,7 mill. kr. av asfalteringsbudsjettet til dette arbeidet.

I tillegg er det auka budsjetttramer på innkjøp at leikeutstyr og vegvedlikehald der faktura enno ikkje har komme inn.

Beredskap brann/forebygging/tilsyn

På brann har me eit overforbruk på 240.000 kr knytta til lønnskostandar. Dette skuldast i all hovudsak overtidsløn/tillegger knytta til utrykningar, som det ikkje budsjettregulert for. Budsjettreguleringa vert gjennomført i september.

VA-avd

Det er færre nye VA-tilknytningar enn det er budsjettert for, dette vil truleg være vanskeleg å hente inn i løpet av året.

Reinhaldavd.

Avdelinga går stort sett greitt. Det er god ressursstyring og effektiv bruk av vikarar i forhold til sjukemeldingar, noko som gir eit stabilt positivt avvik i forhold til budsjett.

Kort oppsummert, sjølve drifta:

Meirutgifter:	
Rusopphald NAV	kr. 177 000,-
Meirutgifter løner Sand skule	kr. 300 000,-
5 dagars veke Sand skule	kr. 80 000,-
Mindre utgifter	
Pensjon inkl arbeidsgivaravgift	kr. 4 400 000,-
Mindre inntekter	
Refusjon BUF-etat	kr. 1 000 000,-
Ressurskrevjande brukarar	kr. 500 000,-
Avsetjing på fond:	
Disposisjonsfond	kr. 4 400 000,-

Skatt og finans

Sal av konsesjonskraft 2. tertial (heile tusen)

År	1. tertial	2. tertial	Sum 1. og 2. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2011	16.389	5.855	22.244	27.581	17.000
2012	7.315	1.425	8.740	14.756	14.250
2013	10.063	4.219	14.282	22.015	18.900
2014	5.203	1.941	7.144	12.336	16.550
2015	5.416	71	5.487	8.449	10.100
2016	4.223	2.566	6.789		8.000

Slik det ser ut pr. 2. tertial vil ein ved årsslutt liggja om lag på det som var opprinneleg budsjett, kr. 11 mill..

Ein rår difor til at ein i 2. tertial regulerar budsjettet med 3 mill. kr.

Skatt forskottspliktige og etterskottspliktige (naturressursskatt) (heile tusen)

	1. tertial		2. tertial		Sum 1. og 2. tertial		Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.	Forskot.	Ettersk.		
2013	25.655	44.903	26.396	968	52.051	45.871	129.670	132.000
2014	25.530	44.685	27.864	36	53.394	44.721	128.926	131.500
2015	25.943	44.296	28.487	-7	54.430	44.289	135.306	133.800
2016	27.725	41.169	30.493	383	58.218	41.552		132.800

Samla skatt i tråd med budsjettet, men fordelinga mellom forskottspliktige og etterskottspliktige er ikkje som forventa. Ein er i dialog med sentralskattekontoret for å få avklara den store nedgangen i etterskottsskatt. Når det gjeld forskottspliktige ligg ein noko over det som er budsjettet.

Rammetilskot (heile tusen)

År	1. tertial	2. tertial	Sum 1. og 2. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2013	36.799	36.425	73.224	98.841	96.354
2014	39.614	42.243	81.857	110.159	106.354
2015	39.901	41.735	81.636	107.715	107.375
2016	40.904	45.066	85.970		111.858

Rammetilskot t.o.m. 2. tertial i tråd med budsjettet.

Kort oppsummert, inntektssida:

Auke i budsjett for sal av konsesjonskraft vert nytta til å finansiera auken i utgifter og reduksjonen i inntekter i drifta.

Overskytande vert avsett til disposisjonsfond.

Meir inntekter	
Sal av konsesjonskraft	kr. 3 000 000,-
Avsetjing til fond	
Disposisjonsfond	kr. 943 000,-

Næringsfondet

Omgjering frå lån til tilskot vedrørande næringsfondet:

Det er så langt i år to løyvde tilskot frå næringsfondet på til saman kr. 250.000,-. Finansiering av desse vert reduksjon av budsjettert utlån og auke av tilskot.

Auke av utlånssummen:

På budsjettet for utlån næringsfondet er det pr. 2. tertial berre kr. 200 000,- att. Det vert føreslått å auka dette opp i 2. tertial med kr. 800 000,-, slik at det er att kr. 1 000 000,- til utlån dei siste fire månadane. Det vert føreslått å nytta av næringsfondet til å finansiera dette. Saldo på næringsfondet etter budsjettert bruk (kr. 2 000 000,-) i 2016 er kr. 23 203 440,-.

Kort oppsummert, næringsfondet

Meir utgifter	
Auke næringsfondstilsk	kr. 250 000,-
Utlån næringsfondet	kr. 800 000,-
Mindre utgifter	
Red. utlån næringsfondet	kr. 250 000,-
Bruk av fond	
Næringsfondet	kr. 800 000,-

Plassering og lån

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

Forvaltar	Marknadsverdi 01.01	Marknadsverdi 31.08	Avkastning i %
Bergen Capital Management			
Bankinnskot	2 258 759	3 341 949	
Aksjar	17 206 354	16 599 417	-1,4
Obligasjonar	79 698 050	81 257 332	2,4
Sum	99 163 163	101 198 698	
Sparebank 1 SR-Forvaltning			
Bankinnskot	544 651	329 108	
Aksjar	6 063 612	6 461 486	2,8
Sum	6 608 263	6 790 595	
Totalt	105 771 426	107 989 293	

Avkastning

Gjennomsnittlig avkastning på aksjar og obligasjonar var i 1. tertial 2016 på 2,1 %. Bankavtalen har i året gitt ein avkastning på 2,23 %. Gjennomsnittlig avkastning i aksjar i år er 1,27 %, mens ein på obligasjonar har hatt ein avkastning på 2,4 %. Dette gir netto ein avkastning på om lag NOK 2,2 mill . Suldal kommune har budsjettert med 1,5 mill i kursavkastning. Referanseindeksen har ein avkastning på 1,7 % for aksjar, og 1 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gjev referanseindeksen ei avkastning på 1,1%.

Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på NOK 7,06 mill. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 8,6 mill.

Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 3,4% plassert i bank, 75,25 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 21,35% i risikoklasse 5 (aksjer). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

Lån

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 31.08	Rente i gj.snitt pr 31.08 i %	Ant lån
Husbanken	5 132 100	4 761 600	1,44	4
KLP	53 545 300	51 558 775	1,77	3
Kommunalbanken	168 665 610	224 074 230	1,76	13
Totalt	227 343 010	280 394 605	1,74	20

Ingen lån har rentebinding.

Det er opptak av eit nytt lån på kr 62 864 000,- i perioden.

Investering

Egenkapitalinnskott KLP (1.901.01)

Den 6. juli mottok ein brev frå KLP med korreksjonsbelastning egenkapitalinnskott på kr. 196 674,-, grunna feil bruk av sats i det første kravet. Dette kravet er det ikkje budsjettert for i investering. Ein rår til at dette vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Oppgradering Vanvik oppvekstsenter (2.027.01)

Dette prosjektet vart avslutta i 2015, men den 15. juni mottok ein faktura med krav om anleggsbidrag frå Haugaland Kraft på kr. 46 780,-. Då dette prosjektet er avslutta er det i 2016 ikkje budsjettert med midlar på prosjektet. Prosjektet vert avslutta med overforbruk på kr. 15 000,-. Ein rår til at kr. 46 780,- vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Reguleringsplan Erøy (4.047.01) / Reguleringsplan Eidssjøen v/arbeidsskolen (4.050.01)

Prosjektet er ikkje lenger aktuelt å gjennomføre i regi av Suldal kommune.

Prosjektet vert føreslått avslutta. Unyttta midlar i prosjektet, kr. 200.000,- vert føreslått overført til prosjekt 4.050.01, Reguleringsplan Eidssjøen v/arbeidsskolen. Dette for å finansiere nødvendige grunnundersøkingar i området som del/dokumentasjon av dette reguleringsarbeidet.

Sal av aksjar SUS og utlån overteke frå SUS

Det er seld aksjar for kr 2 560 000,-. I tillegg er det overteke utlån på kr. 870 000,- frå selskapet. Ein rår til at investeringsfondet vert styrka med overskytande kr. 1 690 000,-. Desse inntektene og utgiftene er ikkje budsjettert.

Anna tilbakemelding

Sjukefråvær

Område	31.12.2015	30.04.2016	30.08.2016
Fellestenester	10,9	8,0	8,2
Helse, pleie og omsorg	9,7	7,9	7,7
Oppvekst	8,5	7,8	6,6
Teknisk og kultur	5,7	4,7	4,3
Totalt	8,7	7,3	6,8

Det er sett fokus på sjukefråværet i heile organisasjon og det er gledeleg å sjå at det no går rette vegen. Det vert arbeidd med oppdatering av rutineane for oppfølging av sjukemelde. Det er meldt om gode arbeidsmiljø i organisasjonen, men det vert likevel arbeidd jamt med forbetring. Bedriftshelsetenesta, Nav og KLP er gode bidragsytarar i dette arbeidet. Det vert arbeidd godt på alle nivå med planar og tiltak for oppfølging av medarbeidar-undersøkinga (FAKTOR 10).

Tilbakemelding i frå einingane:

- Fellestenester: Færre lange sjukefråvær
- Helse- pleie og omsorg: Suldal sjukeheim held på med eit arbeidsmiljøprosjekt. Bu- og omsorgssentra melder om lågt sjukefråvær og godt arbeidsmiljø. Suldal bu og aktivitetstiltak skriv at sjukefråværet skuldast i hovudsak langtidssjukemelde, årsaka er helserelatert. Det er sett i gong tilrettelegging for dei det gjeld. Arbeidsmiljøet vert opplevd som godt.
- Oppvekst: Mange mindre einingar har positiv utvikling. Det er framleis høgt sjukefråvær på Sand skule. Det har vore sjukemelding knytt til arbeidssituasjonen. Internasjonal SOS og personalavdelinga har vore involvert. Dei fleste sjukemeldingane er ikkje jobbrelatert.
- Teknisk og kultur: Som tidlegare tertial så har området lågt sjukefråvær samanlikna med andre einingar.

Tilsyn

Tilbakemeldinga i frå einingane:

- Helse, pleie og omsorg generelt: Fylkesmannen har hatt revisjon av saksbehandling, og det er meldt revisjon frå kontrollutvalet innan helse- og omsorg.
- Suldal sjukeheim: Det er komme svar på ein tilsynssak frå 1.tertial. Det blei konstatert brot på dokumentasjonsplikta, men ikkje på helsehjelpa. Det pågår for tida revisjon på betalingsordningar innan pleie og omsorg i kommunen.
- Helse: Tilsynsfarmasøyten har vore til besøk 6.9.16 , rapport vil bli tilsend
- Bu- og omsorgssentra og Suldal bu- og aktivitetstiltak har hatt tilsyn frå farmasøyt. Dei fekk gode tilbakemeldingar, men farmasøyten tilrådde vidare arbeid med å få full elektronisk dokumentasjon
- NAV: NAV Suldal har hatt ein eigenvurdering av sosialtenestene i samarbeid med Fylkesmannen.
- Skule: Fylkesmannen har varsla felles nasjonalt tilsyn 2015-2017
- Barnevernet: Det er varsla tilsyn frå Rogaland Revisjon IKS i november. Tilsynet gjeld bl.a. utbetalingar på grunnlag av enkeltvedtak pr. klient og timelister, og refusjonar i 2016.

Avvik

Avviksmelding og avvikshandtering har fått meir fokus dei siste åra. Det syner att i talet på meldingar. Mange av meldingane gjeld fysiske tilhøve knytt til bygning eller utstyr, svikt i rutinar og prosedyrar men det er framleis ein god del som går på utagering, slag og spark. Heldigvis er det få avvik med skader på person. Dei aller fleste avvika vert handtert på næraste leiarnivå.

- Helse- pleie og omsorg: Det blir meldt inn mange avvik både i avviksystemet og i pasientjournalane. Døme på feilmeldingar; feilmedisinering, rutinesvikt og utagering.
- Helse: Auka antall avvik på Juvåsen / ein del avvik rundt samhandling mellom sjukeheim og legeteneste
- NAV: Eigenvurderinga (jfr tilsyn) avdekkja fleire avvik. Dokumentasjonen på at avvika er lukka er samla inn og vert sendt til Fylkesmannen.
- Vinjar barnehage: avviket som barnehagen fekk etter tilsyn frå Miljøretta Helsevern juni 2015 er nå lukka, og barnehagen sin søknad om godkjenning vart godkjent 05.09.2016.
- Sand skule: Det er meldt inn fleire avvik. Det er sett inn tiltak i dei enkelte sakene. Avvika er knytt til åtferd i klasseromma og utfordringar med å få it- systemet til å fungere.

Tverrfagleg-/sektorielt samarbeid

Suldal kommune har mange samarbeid. For 2. tertial vil me trekkje frem følgjande:

- Me arbeider me å få på plass ein ny avtale med Gullingen Turistsenter, som er leverandør av kost og losji til leirskuleelevane på Gullingen leirskule.
- Vassdragsforvaltar for Ryfylke i 50 % stilling, betalt av Fylkeskommunen, er tilsett på Bygdeutvikling.
- Hausten 2016 er første semesteret (av tre) der Sand skule er med i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling». Satsinga har tre sentrale verkemiddel; skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar.
- Vinjar skule er prosjektdeltakar i «relasjonsbasert klasseleiing». Dette er eit prosjekt kor arbeidet skal ta utgangspunkt i forskingsbasert kunnskap om klasseleiing og læraren sin kompetanseutvikling.
- PPT/Vinjar skule skal vera prosjektdeltakar i Habiliteringsavdelinga si produktutvikling av «ViMo» App for sosial trening, -eit digitalt samhandlingsrom for barn og unge med autismespekterforstyrningar

Andre innspel i frå einingane

Helse

Det er 2 legar ute i permisjon. Det er vanskelig å få tak i vikarar. Sommarferieavvikling av legevakta var utfordrande. Me har vi kort ventetid på vanlege legetimar på dagtid.

Suldal sjukeheim

Sjukeheimen har skaffa seg to høner i hagen, til stor glede for dei som bur her.

Dei har samla inn pengar til etterlengta treningsapparat til avdelingane.

Det har vore fullt belegg i demensavdelinga. I somatisk avdeling har det til tider vore mange ledige senger. Det har vore 14 innleggingar på ØH-senga. Lindrande seng har hatt brukar på dagopphald ein periode.

Ferieavviklinga har gått bra, men med hektiske periodar.

Vinjar Bu- og omsorgssenter

Det har vore ein merkbar nedgang på søknader. Pr i dag har me 4 ledige rom, 3 små inne og 1 leilegheit ute på senteret. Me har hatt 4-5 ledige rom i heile perioden.

Jelsa Bu og omsorgssenter

Det er blitt tilsett avdelingsleiar etter at einingsleiar gjekk av med pensjon 01.08.16. Einingsleiar ved Sand Bu og omsorgssenter fungerer midlertidig som einingsleiar ut året. Sommaravviklinga har gått bra. Alle rom er utleigd. Har elles lite brukarar som treng tenester ute i private heimar.

Sand Bu og omsorgssenter

Sommaravviklinga i år har gått bra. Me har hatt dyktige ferievikarar, og har difor sikra oss ei god fagleg dekking gjennom heile sommaren.

Suldal Bu- og aktivitetstiltak

Tidlegare forslag til bygging av ny avlastingsbustad er forkasta og det er starta planlegging av nye alternative forslag. Sommaravviklinga har gått bra. Medarbeidarsamtalar har starta opp.

NAV

Partnerskapet mellom Sauda kommune, Suldal kommune og NAV Rogaland vedtok 31.08.2016 mandat for å utgreia vertskommunemodellen for vidare samarbeid mellom NAV Sauda og NAV Suldal. Vertskommunemodellen inneber mellom anna at dei to kommunane får eit felles NAV-kontor med to lokasjonar. Målet er å få eit større og meir robust fagmiljø til beste for brukarar, arbeidsgjevarar og tilsette. NAV Suldal og NAV Sauda har hatt felles leiar sidan våren 2015. Det er etablert ei prosjektgruppe med representantar frå dei tilsette, begge kommunane og NAV Rogaland som skal leggja fram tilråding for partnerskapet innan 01.10.2017. NAV-leiar Elin Kjellstad er prosjektleiar.

Sand skule

Frå hausten av har Sand skule to inspektørar.

Vanvik oppvekstsenter

Eininga har sidan førre rapportering begynt på eit nytt skule- og barnehageår. På skulen forsvann 3 elevar til ungdomsskulen i Sauda, medan me fekk ein ny førsteklassing til skulen. Skule er framleis delt i to undervisningsgrupper 1-3. klasse og 5-7. klasse. 4. klasse har ingen elevar dette året.

Jelsa oppvekstsenter:

Talet på plassar i barnehagen har auka. Uteområdet er oppgradert med nye leikeapparat og med fallunderlag under. Elevtalet har auka med ein elev også for skuleåret 2016/17.

Det er utfordrande å få tildelt ressurs til å strekkja til både overfor samansette klassar, utfordrande elevar og framandspråklig elevar.

Vinjar barnehage

Grunna nedgang i antal plasser i barnehagen var barnehagen gjennom ein overflyttingsprosess av overflødig pedagogisk leiar ressurs frå 15.08.16. Vedkommande må nå dela sin 80% stilling mellom Vinjar barnehage og Sand barnehage med 40% stilling i kvar barnehage.

Sand barnehage

Oppgradering av uteområda i begge barnehagane er byrja. Nytt fallunderlag, nye disser og nytt sandbasseng er kome i Joagarden. I Randåsen er det kome nytt sandbasseng og arbeidet vidare er byrja med felling av tre for å gjera plass til nytt klatrestativ og sykkelveg. Det har vore synfaring i Joagarden vedkommande utbygging. Det er stort behov for lager, arbeidsrom, møterom, større garderobar m.m.

Barnevern

Det er vedtatt at eininga skal slåast saman med Sauda Barnevern. Sauda skal vere vertskommune. Arbeidet med å samkøyre barnevernet i dei to kommunane har så vidt starta opp.

PPT

Det er vedtatt at eininga skal slåast saman med Sauda PPT. Suldal skal vere vertskommune. Det er utlyst leiarstilling men ingen søkjarar. Arbeidet med å samkøyre PPT i dei to kommunane har så vidt starta opp.

Barnehage og skule har stort behov for rettleiing frå PPT, og det blir brukt meir og meir tid på dette. PPT har fått nye oppgåver: utvida mandat til å arbeide med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling i barnehage (ny §19c i barnehagelova, 17. juni 2016).

Det er stor auke i behov for logoped- og synspedagogtenester, både for barn og vaksne, og det medfører press på økonomien då kommunen må kjøpe desse tenestene frå eksterne aktørar.

Gullingen leirskule

I 2016 er belegget bra, men prognosen dei neste åra ser dårlegare ut. Sandnes kommune har vedtatt å kutte all leirskule for sine elevar. Gullingen leirskule har ein avbestillingsgaranti som sikrar inntektene fram til og med vår-halvåret 2018. Det vert arbeid kontinuerleg med å få belegget opp igjen

Frå 01.09 2016 er bemanninga på leirskulen redusert med 55%. Dette har skjedd utan å seie opp folk. Elles har leirskulen kjøpt inn ny flytebryggje, men den er ikkje tatt i bruk enda.

Kultur

Det blir gjort ein omfattande ryddejobb i nøkkelsystemet for idretthallane. Dette for å sikra trygg tilgang og bruk. Dette er i ferd med å slutførast, og me må forventa ein haust med utprøving og tilpassing for brukarane.

I samband med Ryfylkedagane hadde me fleire store og ressurskrevjande arrangement; Ungdomsarrangement i Sandhallen saman med Ungdomsrådet, og fleire utekonsertar i telt på Verven. Dette var eit svært vellukka samarbeid mellom Kultur/kulturhus, Sandsgruppa, Ryfylkemuseet og frivillige. På laurdagen var det omkring 550 betalande gjester.

I slutten av august hadde me ein stor aktivitetssdag, Aktiv i Suldal. Det var eit samarbeid mellom kommunen og frivillige organisasjonar. Over 200 var med på aktivitetane den dagen.

I haust startar Kulturskulen opp eit prosjekt saman med Sand skule; Korps i skulen. Kulturskulen tilbyr også faste timar på Dagsenteret. Me merkar ein auka bruk og etterspurnad av både Kulturskulen og Distriktsmusikarane i nye samanhengar.

Introsenteret

Seks deltakarar avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av tertialet. Av desse starta tre på vidaregåande skule, to gjekk ut i jobb, og ein gjekk over i arbeidspraksis i regi av NAV. I tillegg søkte to deltakarar permisjon frå introduksjonsprogrammet fordi dei hadde fått jobb i ein annan kommune.



Innleiing til Handlingsprogram 2016 – 2019

Handlingsprogrammet følger opp måla og strategiane som er satt i “Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024”.

I handlingsprogrammet har me vald ut nokon sentrale nøkkeltal og resultatmål. Desse er i hovudsak henta i frå KOSTRA (Kommune Stat Rapportering). Me har spesifisert i tabellen dersom tala er henta i frå andre kjelder.

Me har valt følgjande oppbygning for måltal og nøkkeltal:

Gul farge er målsetjingane i kommuneplanen og måltala.

Auke = Suldal kommune si %-vis auke i netto driftsutgifter i frå 2013 til 2015.

Samanlikna med landet = kor høge våre utgifter er i forhold til gjennomsnittet i landet u/Oslo;

I enkelte tilfelle har me valt netto driftsutgifter per brukar / per aldersgruppe. Det har me spesifisert i tabellen.

Fargekode	Kommentar
	Tiltaket er gjennomført
	Under arbeid
	Ikkje utført



Folketal og arbeid

Mål: Fleire skal bu og arbeida i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	År	Kommentar
1. Den viktigaste målgruppa for arbeidet med tilflytting til Suldal er Suldalsungdom.	1.1 Halda fram med gratis abonnement av Suldalsposten til studentar og militære, jfr avtale med Suldalsposten	16-	Ordninga held fram. No 45 som får abonnement
	1.2 Gi støtte tilsvarende 50% av bortebruarstipend til Suldalselevar på ToppVolley når dei bur på internatet og ikkje får bortebruarstipend	14-	Det har ikkje vore aktuelt i 2016.
2. Kommunen skal ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter på Sand og i grendesentra. Områda for spreidd busetnad som allereie finst skal oppretthaldast.	2.1 Vanvik bustadfelt (INV) Planlegging Utbygging	13 16	I slutfasen.
	2.2 Sjå etter gode tomtealternativer på Nesflaten	16	Ikkje gjort
	2.3 Sandaneset, Jelsa (INV) Planlegging	17	
	2.4 Regulering / opparbeiding bustadfelt	16 17 18 19	Plan for Suldalsosen klar for 1. gongs handsaming
3. I kommuneplanperioden kan det dukka opp nye utenkte prosjekt. Når kommunen får søknader som kan føra til nye arbeidsplassar er dette samfunnsinteresse av så stor vekt at det talar for dispensasjon frå vedtekte planar.	3.1 Avsetjing til mogleg regionalt fiberselskap 8 mill. til innskot / aksjekapital i 2017	17	
	3.2 Det skal opprettast arbeidsgruppe, med representantar frå formannskap, administrasjon og næringslivet, for tilrettelegging av grønne datasenter i Suldal. Arbeidet skal skje i samarbeid med RIKS. Arbeidsgruppa må ha sterkt fokus på ressursbehov som melder seg, og halde formannskapet orientert i takt med arbeidet.	16	Arbeidsgruppa er i arbeid.
	3.3 Det skal setjast av 2 mill. til kjøp av næringsareal i 2018.	18	
4. Det er eit mål at det skal vera utleigebustader tilgjengeleg.	4.1 Kjøp/bygging kommunale bustader (INV).	16	Sjå omtale i eige sak.
5. Som eit ledd i å halde på og å tiltrekkje seg fleire barnefamiljar skal kommunale tilbod som gjeld desse prioriterast.	5.1 Aktiv bruk av Startlån (INV)	16-	
6. Tilflyttarar frå både inn- og utland skal integrerast i Suldalssamfunnet. Grendautvala, skular og barnehagar i tillegg til frivillige krefter har ei særskild rolle i dette arbeidet.	6.1 Gje velkomstpakke til nyinnflytta og arrangera eigen «Ny i Suldal-dag»	16-	Blir gjennomført seinare i haust/like over nyttår.
	6.2 Tilsetja koordinator for frivillighetsarbeid.	16	Har tilsett. Arbeider førebels mest med å koordinera frivillige til intro.arbeidet
7. I Suldal skal me ha nærleik til gode tilbod. Kommunesenteret Sand skal med medvit byggast til ein stad som innbyggjarane i grendene ynskjer å nytta som kommunesenter.	7.1 Halda fram med støtta til sentrumsleiar.	15-	Støtta held fram. Det skal vere kontaktmøte med sentrumsleiar.
	7.2 Laga oppdragsavtale relatert til støtta til sentrumsleiar	16	



Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik

Areal og arealutvikling

Mål

Ei berekraftig og langsiktig forvaltning av arealressursane for å styrka busetnad og næringsliv, samstundes som ein tek vare på mangfaldet og kvalitetane i Suldalsnaturen.

Hovudstrategi	Tiltak	År	Kommentar
1. Styrka Sand som kommunesenter, men og syta for livskraftige grender.	1.1 Planleggja og gjennomføra tiltak i Torgområdet, Bekkjatorget / strandpromenade og Sentrum sør på Sand.	15-	Planlegging held på. Anbud blir sendt ut for torget. Planlegg 1. gongsbehandling for dei to andre planane.
2. Ha tilgjengelege attraktive bustadtomter på Sand og i alle grendesentra. Ha tilgjengelege leigebustader i kommunesenteret. Vurdera omforming og fortetting som alternativ og supplement til bruk av nye område, særleg på Sand der ein konkret bør sjå på moglegheitene innan reguleringsplanane for Prestaåsen og Randåsen.	2.1 Planleggja og byggjemodna bustadfelt på Sand og i grendesentra slik at det er tilgjengelege tomter.	16	Plan for Suldalsosen klar for handsaming, Grunnkjøp i Erfjord for kommunalt felt, reguleringsplan for eit mindre privat felt er vedteke. Enkel analyse for fortetting i Prestaåsen på Sand. Ikkje framdrift når det gjeld Sjostien på Sand
3. Syta for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert ivaretekne i planlegging og utbygging av bustadområde. Alle nye bustadområde skal ha leikeplassar.	3.1 Ha gode rutinar som sikrar medverknad i planprosessane for lovfesta organ i kommunen.	16	Alle relevante organ får plansakene til høyring. Medverknadsprosessane kunne vore betre
